



Jakta MATHILDE til kai i Uskedalen for bunkring og proviantering.

Hardangerjakta MATGILDE låg til kai i Uskedalen i dag for bunkring og proviantering. Om bord var 17 elevar og lærarar frå to skular i Ål kommune i Hallingdalen. Dei brukte fartyet til leiskuleopphald i denne veka. Vågen på Skorpo ligg fast inne i programmet. Frå Uskedalen gjekk turen til Stekka i Tørvikbygd.

Elevane på seglskuta MATHILDE denne veka kjem frå skulane Torpo og Leveld. 7. klasse på Leveld reiser årleg med MATHILDE. Elevane frå Torpo byter litt på det, anten det er sjøen eller på land. Kostnadene vert dekkja av foreldra og ved ulike former for innsamlingsaksjonar. Det kan vera betalte ryddedugnader, vaffel- og pizzasal, bygdekafe og sal av skuleavis. Turen over Hardangervidda går med buss og privat skyss.

Uskedalen.no var om bord og snakka med elvane og lærarane. Ombordstiging var i Norheimsund måndag morgon. Seglturen gjekk ut fjorden til Rosendal og vidare til Lykjelsøy neste dag. Dag 3 står Skorpo på programmet med fiske og tema Livet i fjæra. Dag 4 går turen til Stekka i Tørvikbygd før ein avsluttar og går i land dag 5 i Norheimsund.

Jakta MATHILDE er bygd i 1884 på Nerhus i Ølve. Fartyet har ei lengde på 72 fot og breidde på 21 fot. Stiftinga Hardanger Fartyvernssenter eig og driftar MATHILDE i dag. Jakta fekk vernestatus av Riksantikvaren i 1999.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bilete syner nokre av 7. klasse elevane frå skulane Torpo og Leveld i Ål kommune.